



# SAKSUTGREIING

ETNE KOMMUNE

Utval	Møtedato	Saknr
Formannskap	17.11.2015	099/15
Komite Drift	11.11.2015	030/15
Komite Forvaltning	12.11.2015	075/15
Formannskap	10.11.2015	095/15
Etne kommunestyre		

Sakshandsamar:	Arkiv:	Arkivsaknr
Vegard Bang	N - 102, Hist - 14/865	15/1760

## Budsjett 2016 - økonomiplan 2016 - 2019

### TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

#### 1. DET SKAL SVARAST FØLGJANDE SKATTAR TIL KOMMUNEN FOR 2015

1.1. Kommunestyret har i medhald av eigedomsskattelova av 6. juni 1975 nr. 29 (esktl.) §§ 2 og 3 vedteke at det for 2016 skal bli skriva ut eigedomsskatt i Etne kommune.

Eigedomsskatten skal skrivast ut på all fast eigedom i kommunen, jf. esktl. § 3 (1) bokstav a. Eigedommar med formuegrunnlag frå Skatteetaten vil få eigedomsskatt basert på dette, jf. esktl. § 8 C-1, medan andre eigedommar får eigedomsskatt basert på taksering, jf. esktl. § 8 A-3.

Generell skattesats for dei skattepliktige eigedommane vert sett til 7 promille, jf. esktl. § 11 (1). I medhald av esktl. § 12 bokstav a og b vert skattesatsane for bustader og fritidseigedommar, samt ubygde tomter sett til 3,5 promille.

I medhald av esktl. § 7 a og b, vert eigedommar åt stiftingar og institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten, samt bygningar med historisk verdi, fritake frå eigedomsskatt. Det er kommunestyret som vedtek kva eigedommar som vert omfatta av desse fritaksføresegnene. I medhald av esktl. § 7 c, skal nybygde bustader vere fritakne for eigedomsskatt dei fem første åra etter at bygga var ferdige. Fritaksvedtaket gjeld bustader som vart påbyrja etter at fritaksvedtaket vart gjort i kommunestyret 17. desember 2013.

Eigedomsskatten skal i 2016 betalast i fire terminar: februar, mai, august og november i skatteåret, jf. esktl. § 25 (1).

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt vil kommunen nytte seg av tidlegare vedtekne "Vedtekter for eigedomsskatt".

1.2. Formueskatt og inntektsskatt for personlege skatteytarar og dødsbu vert utskriven med dei maksimale nasjonale satsane som vert vedtatt for 2016.

## 2. DRIFTSBUDSJETT

Framlegg til netto driftsrammer for ansvarsområda vert vedteke, jf. budsjettskjema 1A, 1B og innarbeidde tiltak.

Budsjettet er saldert med følgjande avsetningar til disposisjonsfond:

2016	2017	2018	2019
2 886 419	3 250 188	4 264 303	3 251 738

Den delen av pensjonspremien som blir dekket av sentralt fond hjå KLP og differansen mellom premieavvik og amortisert premieavvik blir sett av til eige fond for å møte framtidige pensjonsforpliktingar. Auka pensjonskostnader (t.d. høgare reguleringspremie enn budsjettet) og ev. «negativt» avvik mellom premieavvik og amortisert premieavvik blir dekket av dette fondet.

## 3. INVESTERINGAR OG LÅNEOPPTAK

Framlegg til investeringsbudsjett vert vedteke, jf. budsjettskjema 2A og 2B og innarbeidde tiltak.

3.1. Det skal takast opp lån til investeringar på totalt 53,2 mill. kr i 2016.

3.2. Det skal takast opp Startlån frå Husbanken for vidare utlån på totalt 4 mill. kr i 2016.

3.3. I tillegg til vedtekne låneopptak har Etne kommune ein trekkrett på inntil 20 mill. kr i samsvar med inngått bankavtale.

3.4. Rådmannen får fullmakt til å innhenta lånetilbod og godkjenne lånetilsegn med vilkår. Fullmakta gjeld for alle lån, også trekkretten. Rådmannen får fullmakt til å underteikne gjeldsbrev, jf. Kommunelova § 9, pkt. 3, når ordføraren ikkje er til stades.

3.5. Kommunestyret vedtar låneporteføljen til Etne kommune slik den går fram av vedlagt gjeldsoversikt. Alle lån kan vere gjenstand for refinansieringar i 2016. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei låna han finn formålstenleg, uavhengig av opphavleg vedtak.

3.6. Rådmannen får fullmakt til å budsjettregulere inn i 2016 investeringstiltak som, i samsvar med godkjent årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for tidlegare år, ikkje var ferdigstilte i 2015.

## 4. ANNA

4.1. Rådmannen gjennomfører prosessar saman med dei tillitsvalde for å gjennomføre dei strategiske grepa i budsjett 2016:

- Redusere 3,43 årsverk innan skule ved å etablere ein felles ungdomsskule med verknad frå skuleåret 16/17. Ytterlegare reduksjon på 1,4 årsverk frå skuleåret 17/18.
- Redusere 6,5 årsverk innan PLO ved å legge ned 10 sjukeheimsplassar.
- Redusere 1 årsverk innan barnehage
- Redusere 2 årsverk innan helse

## 10.11.2015 Formannskap

**F- 095/15 Vedtak:**

**Tilråding frå formannskap:**

**Samrøystes**

Tilråding frå rådmann vert tatt til etterretning.

### **11.11.2015 Komite Drift**

**KD- 030/15 Vedtak:**

**Samrøystes**

**Tilråding til formannskapet**

Komite Drift tar budsjett 2016 - økonomiplan 2016-2019 til etterretning.

### **12.11.2015 Komite Forvaltning**

Audun Namtvedt (Frp) la fram følgjande omforeinte framlegg:

*"Komite Forvaltning tek budsjettframlegget til underretning og vil ta spesifikasjonar og innretningar i den vidare prosessen."*

**RØYSTING:**

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**KF- 075/15 Vedtak:**

**Samrøystes**

**Tilråding frå Komite Forvaltning til formannskapet:**

Komite Forvaltning tek budsjettframlegget til underretning og vil ta spesifikasjonar og innretningar i den vidare prosessen.

### **17.11.2015 Formannskap**

**Siri Klokkestuen (Ap) la fram følgjande endringsframlegg til rådmannen si tilråding frå Ap, Frp, Krf:**

*"Endringsframlegg til rådmannen si tilråding:*

**1. Det skal svarast følgjande skattar til kommunen for 2016:**

*Rådmannen si tilråding, men endring 2. avsnitt, siste setning:*

*I medhald av esktl. §12 bokstav a og b vert skattesatsane for bustader og fritidseigedommar, samt ubygdde tomter sett til 3 promille i 2016 og 2017.*

**1. Driftsbudsjett.**

Framlegg til netto driftsrammer for ansvarsområda vert vedteke, jf. Budsjettskjema 1A,1B , innarbeidde tiltak og vedlagd endringsframlegg. Budsjettet er saldert med følgjande avsettingar til disposisjonsfond:

2016	2017	2018	2019
2 548945	1 625373	1 965789	1 047681

Den delen av pensjonspremien som blir dekkja av sentrale fond hjå KLP og differansen mellom premieavvik og amortisert premieavvik blir sett av til eige fond for å møte framtidige pensjonsforpliktingar. Auka pensjonskostnader(t.d. høgare reguleringspremie enn budsjettet)og ev. «negativt» avvik mellom premieavvik og amortisert premieavvik blir dekkja av dette fondet.

### **1. Investeringar og låneopptak.**

1. *Endring: Det skal takast opp lån til investeringar på totalt 8,2 mill kr i 2016. Planane for Etne Omsorgssenter er under arbeid og ein ser det som realistisk med oppstart haust 2016. Investeringa på 45 mill kan då utsetjast med 6 mnd*
2. *Som rådmannen.*
3. *Som rådmannen.*
4. *Som rådmannen.*
5. *Som rådmannen.*
6. *Som rådmannen.*
7. *Desse tiltaka vert finansiert over investering 2016:*
  - Uteareal Enge skule 300 000,-*
  - Oppgradering av uteområde 241 200,-*

### **2. ANNA:**

4.1 *Endring: Rådmannen gjennomfører prosessar saman med dei tillitsvalde for å gjennomføre dei strategiske grepa i budsjett 2016*

- *Grunna redusert behov vert 10 sjukeheimplassar lagt ned mellombels. Etne Omsorgssenter har ein dårleg bygningsmasse og trongen for nybygg er stor. Skånevik omsorgssenter har bra lokale som ein vil nytte. Dersom det viser seg at behovet aukar monaleg, vil ein ha høve til å auke opp begge plasser.*
- *Etne Omsorgssenter: Stengjer 8 sjukeheimplassar grunna mindre behov. Opprettar 2 rehabiliteringsplassar.*
- *Skånevik Omsorgssenter: 2 rehabiliteringsplassar overførte til Etne Omsorgssenter. Beheld 6 sjukeheimplassar.*
- *Redusere 2 årsverk innan helse.*

4.2 *Rådmannen vert beden om i løpet av 2016 å sjå nærare på leiarstruktur på einingar som er samlokaliserte på Etne Tinghus, evt. andre einingar som Rådmannen finn tenleg."*

**Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Sp) la fram følgjande endringsframlegg til rådmannen si**

**tilråding:**

"Endringar til tekstdelen:

- *Eigedomsskatten blir halden på 3 promille i 2016 og ut økonomiperioden*
- *Me vil behalda ungdomsskulen i Skånevik*
- *Me har lagt inn kontigentendring på Friluftsrådet Vest: 10 000 kroner auke årleg ut økonomiperioden*
- *Vakante stillingar innan drift og vedlikehald: 1,5 mill årleg ut økonomiperioden*
  - *Me ønskjer ein ekstern gjennomgang av drift- og vedlikehalds nmed sikte på optimal utnyttig av ressursane*
- *Redusert ressursbruk i administrasjon/plan med 800 000 kr årleg, frå 2017 og ut økonomiperioden*
  - *Dette med bakgrunn i at kommunenplanen er fullført, og eventuell omstrukturering*
- *Redusere halv stilling på kultur (kulturkonsulent) med 280 000 kr årleg frå og med 2017*
- *Auka eigedomsskatt frå Marine Harvest, Fjæra: 1,5 mill årleg ut økonomiperioden*
- *Reduserte renter og avdrag for nytt Etne Omsorgssenter, grunna byggjестart hausten 2016. "*

**Røysting:**

Tilråding frå rådmann mot endringsframlegga frå Sp og Ap, Krf, Frp.

Samrøystes:

Tilrådinga frå rådmann fall

Endringsframlegg frå Sp mot framlegg frå Ap, Krf, Frp

Endringsframlegg frå Sp fekk 2 røyster (Sp, H) og fall. Framlegg frå Ap, Krf og Frp fekk 5 røyster (Krf, Frp, Ap) og vart vedteke.

**F- 099/15 Vedtak:**

**Tilråding frå formannskap til kommunestyre 5 mot 2 røyster:**

**1. Det skal svarast følgjande skattar til kommunen for 2016:**

Rådmannen si tilråding, men endring 2.avsnitt, siste setning:

I medhald av esktl. §12 bokstav a og b vert skattesatsane for bustader og fritidseigedommar, samt ubygdde tomter sett til 3 promille i 2016 og 2017.

**1. Driftsbudsjett.**

Framlegg til netto driftsrammer for ansvarsområda vert vedteke, jf. Budsjettskjema

1A,1B , innarbeidde tiltak og vedlagd endringsframlegg. Budsjettet er saldert med følgjande avsettingar til disposisjonsfond:

2016	2017	2018	2019
2 548945	1 625373	1 965789	1 047681

Den delen av pensjonspremien som blir dekkja av sentrale fond hjå KLP og differansen mellom premieavvik og amortisert premieavvik blir sett av til eige fond for å møte framtidige pensjonsforpliktingar. Auka pensjonskostnader(t.d. høgare reguleringspremie enn budsjettet)og ev. «negativt» avvik mellom premieavvik og amortisert premieavvik blir dekkja av dette fondet.

### 1. Investeringar og låneopptak.

1. Endring: Det skal takast opp lån til investeringar på totalt 8,2 mill kr i 2016. Planane for Etne Omsorgssenter er under arbeid og ein ser det som realistisk med oppstart haust 2016. Investeringa på 45 mill kan då utsetjast med 6 mnd
2. Som rådmannen.
3. Som rådmannen.
4. Som rådmannen.
5. Som rådmannen.
6. Som rådmannen.
7. Desse tiltaka vert finansiert over investering 2016:

Uteareal Enge skule 300 000,-  
Oppgradering av uteområde 241 200,-

### 2. ANNA:

4.1 Endring: Rådmannen gjennomfører prosessar saman med dei tillitsvalde for å gjennomføre dei strategiske grepa i budsjett 2016

- Grunna redusert behov vert 10 sjukeheimplassar lagt ned mellombels. Etne Omsorgssenter har ein dårleg bygningsmasse og trongen for nybygg er stor. Skånevik omsorgssenter har bra lokale som ein vil nytte. Dersom det viser seg at behovet aukar monaleg, vil ein ha høve til å auke opp begge plasser.
- Etne Omsorgssenter: Stengjer 8 sjukeheimplassar grunna mindre behov. Opprettar 2 rehabiliteringsplassar.
- Skånevik Omsorgssenter: 2 rehabiliteringsplassar overførte til Etne Omsorgssenter. Beheld 6 sjukeheimplassar.
- Redusere 2 årsverk innan helse.

4.2 Rådmannen vert beden om i løpet av 2016 å sjå nærare på leiarstruktur på einingar som er samlokaliserte på Etne Tinghus, evt. andre einingar som Rådmannen finn tenleg.

## SAKSUTGREIING:

### Innleiing (bakgrunn for saka)

Saka gjeld fastsetting av budsjett for 2016 og økonomiplan for 2016 til 2019. Kommunestyret skal innan utgangen av kvart år vedta budsjett for neste år og økonomiplan for kommande 4-årsperiode, jf. [kommunelova §§ 44 og 45](#).

### Problemstilling

Årsbudsjettet skal være realistisk og fastsetjast på grunnlag av dei inntekter og utgifter som kommunen kan forvente i budsjettåret. Driftsresultatet skal som eit minimum dekkje renter, avdrag og nødvendige avsetningar. Teknisk beregningsutvalg (TBU) tilrår eit netto driftsresultat på minimum 1,75 %.

### Vurdering

Rådmannen legg med dette fram si tilråding til årsbudsjett for 2016 og økonomiplan for 2016- 2019 slik ho ligg føre i vedlagt Tekstdokument med tilhøyrande økonomiske oversikter. Budsjettet blir lagt fram i balanse, saldert med følgjande avsetningar til disposisjonsfond:

2016	2017	2018	2019
2 886 419	3 250 188	4 264 303	3 251 738

Netto driftsresultat i framlegget er ca. 2,58 millionar eller 0,8 % av driftsinntektene i 2016. For å oppnå tilrådd driftsresultat på 1,75 % må resultatet betrast med ca. 3 millionar. For øvrige vurderingar visar rådmannen til vedlagt Tekstdokument

### Vedlegg i saka:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
02.11.2015	Gjeldsportefølje Etne kommune pr. 30.09.15	1338948
30.09.2015	Budsjett 2016 - Kontroll og tilsyn.pdf	1336920
30.09.2015	Særutskrift sak 14-15 Budsjett 2016.pdf	1336925
07.10.2015	Statsbudsjettet 2016 - kommuneopplegget	1337430
03.11.2015	Taldel Drift - Budsjett 2016, ØP 16 19 (Rådmannen sitt framlegg)	1339015
03.11.2015	Taldel Investering - Budsjett 2016, ØP 16 19 (Rådmannen sitt framlegg)	1339016
03.11.2015	Tekstdok. ØP 16 19, B 16 (Rådmannen sitt framlegg)	1339047

### Saksgang:

Formannskapet  
Komite Drift  
Komite Forvaltning

Formannskapet  
Kommunestyret

**Utskrift med vedlegg til:**  
Sakshandsamar for oppfølging  
Leiarar med budsjettansvar  
Revisjonen